

**Organisasjonsnummer:** 951549770  
**Foretaksnavn:** Meland kommune  
**Navn:** Kristin Nåmdal  
**Kontonummer:** 15031883722  
**Adresse:** Meland  
**Postnr.:** 5906 Frekhaug  
**Telefon:** 56171000  
**Mobiltelefon:** 47466296  
**E-post:** Kristin.namdal@meland.kommune.no

**Mottaker:** Miljødirektoratet  
**Kopimottaker:** Fylkesmannen i Hordaland

---

SØKNAD

REFERANSENR.: 18S1F8EF

---

## Pilotprosjekt, g/s langs bru E39 mot regionsenter

**Type tiltak:** Klimavennlig areal- og transportplanlegging

### Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Lindås, Radøy og Meland skal slå seg saman og bli Alver kommune i 2020.

Lindås og Meland arbeider med planer for å binde saman kommunane med gode gang- og sykkel løysingar i utviklingsaksen Frekhaug-Flatøy-Knarvik, omtala som regional vekstzone i regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017-2028 (RATP). Grøn mobilitet er eit satsingsområde for kommunane. Vi har ein utfordring med Hagesundbru. Hagesundbrua er ei hengebru som binder øya Flatøy i Meland med tettstedet Knarvik i Lindås kommune i Hordaland. Brua er 623 meter lang, og hovedspennet er på 250 meter. Brua er en del av europavei 39. Hagesundbru er i dag ein flaskehals i høve gang- og sykkelbruk.

Brua er smal og gir i tillegg store utfordringar knytt til beredskap / utrykking over Hagesundet.

Lindås og Meland ynskjer å få vurdert ei utviding av Hagesundet bru ved at nytt gang- og sykkel felt vert bygd på sørsida av eksisterande bru. Hovudmålet med dette er å gje betre rammer for gåande og syklande over brua, frå folkerike område inn mot regionsenteret Knarvik.

Trafikksituasjonen vert tryggare for alle trafikantgrupper, og beredskapsstyrken får meir akseptable forhold.

Statens vegvesen er positiv til å delta saman med kommunane i arbeidet med å utgreie alternativ for gang- og sykkelvegløysingar over Hagesund bru. Statens vegvesen har verken planmidler eller investeringsmidler til å utvide dagens bru, men kan vere prosjektdeltakar og kvalitetsikre planarbeidet, dersom kommunane / andre partar kan bidra med finansiering.

### Hvordan vil dette tiltaket gi økt klimafokus i areal- og transportplanleggingen, utover det en kan forvente av ordinær, god arealplanlegging?

Tiltaket vil gje auka kunnskap om temaet påhengt gangbru, som kan delast i Norge, der mange kommuner har denne utfordringa med smale bruer bygd tilbake på 70- og 80 talet som bind saman folkerike områder. Slike tiltak er særskilt krevande og krev teknisk spesialkompetanse, finansiell styrke og samarbeid mellom mange offentlege aktørar og nivå.

## Hvordan kan tiltaket bidra til en varig kvalitets- eller kompetanseheving med tanke på klimavennlig areal- og transportplanlegging?

Å leggje til rette for gang- og sykkelveg over Hagelsund bru kan verte eit viktig symbolprosjekt for den nye Alver kommune. Lindås og Meland ynskjer at innbyggjarane skal få eit tryggare alternativ enn i dag, når dei går eller sykler lokalt til og frå regionsenteret, og mellom dei ulike områda innanfor det som i regional areal- og transportplan vert omtala som regional vekstsone. Hagelsund bru bind saman vekstaksen Frekhaug- Knarvik, ein strekning på 5 km. Meland kommune har over fleire år arbeidd med utviklingsområde på Flatøy, og Lindås kommune har tilsvarande arbeidd med utviklinga av regionsenteret Knarvik. Å betre gang- og sykkelsambandet mellom Flatøy og Knarvik vil leggje til rette for at fleire vil gå eller sykle den korte strekningen over Hagelsundet bru.

Dei store utbyggingsområda på Flatøy ligg om lag ein kilometer frå Knarvik sentrum. Dette er innanfor det som ein vanlegvis ser på som naturleg gangavstand. Om lag heile Flatøy er innanfor ein avstand på 2 kilometer til regionsenteret, noko som er godt innanfor akseptabel sykkelavstand. Flatøy er ein naturleg del av det nære omlandet til regionsenteret, og det er viktig også i eit klima- og miljøperspektiv å leggje til rette for at fleire kan gå og sykle til regionsenteret. Hagelsundet bru vil med eit nytt gang- og sykkelfelt i mindre grad enn i dag framstå som ein barriere. Det at fleire vel å gå og sykle regelmessig i kvardagen, kan gje ein gevinst i form av betre folkehelse.

## Hvordan er søknaden politisk forankret?

Politisk leiing i dei to kommunane er samde om å fremme prosjektet. Saka er forankra på ordførarnivå og det har vore felles møter med ordførarane og rådmennene. (Sjå referat vedlagt) Formannskapa er orientert og har bedt om at prosjektet blir følgt opp. Fellesnemnda for nye Alver kommune er også orientert og har slutta seg til at arbeidet går vidare.

## Gjennomføring

### Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

1 juni 2018 -1. januar 2019

### Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Fase 1, april - juni 2018:

Forarbeid:

- a) Etablere prosjektorganisasjonen - prosjektleiar og arbeidsgruppe
- b) Utarbeide anbodsokument
- c) Inngå kontrakt med konsulent

Fase 2, juni 2018 - januar 2019:

Prosjektarbeid

### Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Det er ikkje økonomi i kommunane sitt budsjett til å gjennomføre dette, det er heller ikkje kompetanse på denne type prosjekt. Statens vegvesen deltek med sin kompetanse, men har ikkje sett av midlar til dette tiltaket over sine budsjett. Det er naturleg å fremme tiltaket i ordinære statlege / regionale budsjettprosessar når analyse og forprosjekt er gjennomført. Utan eit godt forankra og kvalitetssikra prosjektarbeid i denne fasen, er det ikkje mogeleg å få tiltaket gjennomført.

## Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Kapasitetsanalyse av dagens bru	140 000
Løysingsmoglegheit 1 for påhengt gangbru	460 000
Løysingsmoglegheit 2 for påhengt gangbru	400 000
<b>Total sum</b>	<b>1 000 000</b>

## Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	1 000 000
- Andre offentlige tilskudd	200 000
- Annen finansiering	100 000
- Egne midler	200 000
<b>= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen</b>	<b>500 000</b>

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Nei

## Utdyping finansiering

Er noe av finansieringen annet enn kommunale midler eller klimasats-midler? Får eller har tiltaket mottatt eksterne midler av noe slag? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Ja

Oppgi type midler, beløp og vilkår:

Søknad til Hordaland fylkeskommune, Handlingsprogram for nærings- og samfunnsutvikling i Hordaland

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

## Vedlegg

 Referat fraa moete mellom Meland og Lindaas kommunar.pdf (Annet)

 Vedlegg til søknad om klimasatsmidlar kart.docx (Bilde)

**Merknad:**

*Ingen merknad*

[sign] Kristin Nåmdal for Meland kommune

---

Leveret 13.02.2018